



FORTUNEN ARKITEKTUR AS  
ARKITEKTUR | INTERIØR & DESIGN | LANDSKAP

Torgallmenningen 7 | 5014 Bergen

**FORTUNEN**  
ARKITEKTUR

Org.nr 966 103 663 MVA  
Telefon 55 36 66 00  
E-post arkitekter@fortunen.no  
Web www.fortunen.no

C9

## KOMMENTAR TIL NABOMERKNAD

Vår dato: 09.08.18

Vår ref.: RLO

Deres dato: --

Deres ref.: --

### Sagstadvegen 76

**Gnr. / Bnr. : 24/27, 24/5, 24/61, 24/12 og 24/3**

**Tiltakshaver: Meland kommune**

Fortunen Arkitektur AS varsla naboar til Sagstad skule, gnr./bnr. 24/27, 24/5, 24/61, 24/12 og 24/3 om tiltak på eigedomane tilknytt utomhusareal til Sagstad skule den 28. juni 2018. I etterkant, den 12. juli 2018, blei det sendt ut ei ny sending med nabovarslingar til naboar som ikkje var oppført på den første nabovarslingslista. Rammesøknad blei sendt inn den 04. juli 2018, der det blei opplyst at eventuelle merknadar frå naboar ville bli ettersendt.

Det har i alt kome inn tre (3) merknadar. Merknad nr. 1 er beskriven i vedlegg C6, medan dei resterande er beskriven her.

### **Gnr./bnr. 24/49 og 24/65 ved Erik Tufte for bebuarane i Bustølvegen 84 og 86**

Merknaden gjeld usikkerhet rundt om skuleområdet vil bli inngjerda, samt som det er ynskjeleg at det vil bli planta hurtigvoksende hekk/tre langs vegen på lik line som tenkt mot gnr./bnr. 24/28. Det er også ynskjeleg at terrassedekket ved steinhuset endras til å i hovudsak vende seg mot skulen og ikkje eigedomsgrensa mot gnr./bnr. 24/49.

#### **Kommentar**

Skuleområdet kjem til å bli inngjerda etter forskriftene for utomhusareal ved barneskuler. På noverande tidspunkt planlegg ein ikkje å leggja til ei ny hekkrekke langs vegen, og terrassedekket, som er ein markterrasse, blir ståande uendra inntil vidare. Prosjektleiaren frå Meland kommune har ytra at dei vil gå i dialog med naboane det gjeld, for å finne ei betre løysing på terrassedekket før oppføring.

### **Gnr./bnr. 24/7 ved Frank Rune Dale**

Merknaden gjeld eksisterande granskog som blir bevart på skuleeigedommen. Det er ynskjeleg at alle grantre blir fjerna, då dei ikkje høyrer heime i kulturlandskapet, og blir erstatta med lågare lauvtre eller prydbuskar.

#### **Kommentar**

Merknaden/kommentaren er notert. Delar av granskogen er planlagt fjerna for å kunne leggja til rette for eit godt miljø for læring og leik. Granskogen som står igjen, vil vera med på å skjermje innsyn til nærliggande naboar, samt vera støyskjerm.



FORTUNEN  
ARKITEKTUR

www.fortunen.no